



Nils Bruknapp

Henrik Mohns vei 12
5067 BERGEN

Dykkar ref:	Vår ref:	Sakshandsamar:	Direkte tlf:	Arkivkode:	Dato:
	99/03503-1	Knut Bjørnevoll	56 35 66 16	068/004	15.12.99

FRITIDSBUSTAD - MELLOMBELS GODKJENNING NILS BRUKNAPP - GNR.068 BNR.004 - BRUKNAPPEN

Viser til tidlegare korrespondanse i saka og beklagar at det har teke så lang tid før det kjem svar frå byggjesaksavdelinga. Det har samanheng med at eg ville sjå det aktuelle bygget og eigedommen først.

Mine observasjonar 18.11.99 er at det står ei lita hytte (ca.14 m²) og eit uthus (ca.8 m²) på eigedommen.
Sjølv om bygget i utgangspunktet vart tenkt brukt som anleggsbrakke, er det i dag utan tvil ein fritidsbustad.

Ut frå opplysningane frå Dykk i brev dat.22.02.99, om at hytta har hatt noverande storleik og bruk sidan 1976 utan negative reaksjonar frå kommunen eller andre styresmakter, må vi rekna bygningen som **godkjend til mellombels fritidsbustad inntil vidare** (inntil nye byggjeplanar for eigedommen, eller offentlege planar for området tilseier at hytta må fjernast).

Reglar for kommunale avgifter og gebyr gjeld også for mellombels bygg.

For bygningssjefen

Knut Bjørnevoll
Sakshandsamar

Kopi til:
Kari Elisabeth Io Teknisk etat,

Bruknapp Nils
Henrik Mohnsvei 12
5032 MINDE

Dykkar ref.

Vår ref.
KBJ/98/3890/M50/001

Dato: 18.02.1999

**SPØRSMÅL OM RENOVASJONSGEBYR FOR HYTTE/ARBEIDSBRASSE
KRAV OM RIVING ELLER INNSEENDING AV SØKNAD
NILS BRUKNAPP - GNR.068 BNR.004 - BRUKNAPP**

Viser til Dykkar brev til kommunen dat.09.09.98 og til tidlegare kontakt med vår avdeling for vatn, avløp og renovasjon (VAR-avd.)

Alle eigedommar for bustad-/fritidsbustad med bygningar som vert brukt til varig opphald (overnatting) skal betala renovasjonsavgift. Det er inga nedre grense på areal eller tal på personar, det er bruken av bygningen som avgjer. Det skal ikkje betalast for uthus, anneks, gjestehytte dersom dei er del av same brukseining som hovudhytta, når det vert betalt for denne. Når det aktuelle bygget er det einaste på eigedommen, og det vert brukt til overnatting, er det grunnlag for å krevja inn renovasjonsgebyr.

Skur/arbeidsbrasse i samband med byggje-/anleggsarbeid er unnateke frå krav om søknad (Plan- og bygningslova § 85, siste ledd). Unntaket gjeld ikkje bygg for overnatting. Det er heller ikkje registrert nokon byggjeaktivitet på eigedommen. Byggjeløyvet frå 1983 gjekk ut i 1985, så grunnlaget for å ha ei arbeidsbrasse er ikkje lenger til stades. Arbeids- og kvilebu var vist på situasjonsplanen som vart godkjend av bygningsrådet 05.09.83 i sak 340/83. Med litt velvilje kan ein rekna bua Dykkar som eit godkjend bygg ein viss periode etter denne datoen. Men pr. i dag er bygget eit ulovleg bygg, som bygningssjefen anten må forlanga rive, eller ta opp til handsaming etter søknad.

Slik vi ser det, er det to aktuelle løysingar:

1. Riva bua og sleppa å betala renovasjonsgebyr.
2. Søkja om å få bygningen godkjend som mellombels hytte (PBL § 85). Ein slik søknad må innehalda ein viss dokumentasjon i form av planteikning, fasedeteikningar (eller foto), opplysningar om materialbruk, om byggjeår og om vidare planar for bygging på eigedommen. Plasseringa må visast på kart (situasjonsplan).

Uansett kva som blir valt av dei to alternativa, krev bygningssjefen ei tilbakemelding frå Dykk innan 20.mars 1999.

for
bygningssjefen

Knut Bjørnevoll
sakshandsamar

Kopi til: VAR-avdelinga